



**MÅ BIDRA:** Lat ungdomane vera med i planlegginga, er oppmødinga i denne kronikken. Her frå eit valtorg for elevar på Sogndal vidaregåande skule.

# Lat dei som er framtida få vera med å planleggja ho

Sogn Regionråd skal lage ny regionplan, og har starta jakta på å finne dei rette grepa for vekst i regionen framover. Bra!

Kommunane i regionen står framfor ei felles utfordring: å oppretthalde folketalet, og aller helst oppnå befolkningsvekst!

**DISTRIKTSSENTERET HAR HAUSTEN** 2012 fått ferdigstilt rapporten Ungdom og lokal samfunnsutvikling. Rapporten er ført i pennen av NIBR (Norsk by og regionforskning), og ser på korleis ungdommen vert involvert i mellom anna lokalt utviklingsarbeid på fylkeskommunalt nivå. Den tek føre seg ordningar som er «for ungdom» og «med ungdom». Felles for desse ordningane er at dei har som målsetjing at unge skal ynskje å bli gode ambassadørar, og kome attende til regionen.

**DET ER STORE** skilnader på korleis dei ulike fylkeskommunane arbeider med ungdom og



lokal samfunnsutvikling. Den ferske rapporten viser at enkelte fylke har opna for ungdom godt opp i 20-åra på ungdommens fylkesting. Andre fylke, til dømes Sogn og Fjordane, har ei øvre aldersgrense på 23 år. Distriktssenteret fekk i 2011 gjennomført studien Bosettingsvirkninger av regionale traineeprogram. Denne viste at måten nye trainear vert tatt imot og integrert på skapar bulyst. Dette gjeld både sosialt og i arbeidslivet. Samstundes er ei av årsakene til at dei unge ikkje blir verande at dei i liten grad blir integrert og involvert i lokalsamfunnet. Det betyr at det på sikt kan lønna seg å i sterkare grad invitera unge vaksne til gode dialogar. Eit døme er Nord-Trøndelag, der dei har ein open ungdomskonferanse der alle kan melde seg på, men der dei vil sikre seg retten til å ha representasjon frå ulike kommunar og organisasjonar.

**SOGN OG FJORDANE ER** eitt av fire fylke som i rapporten Ungdom og lokal samfunnsutvikling får skryt for måten dei involverer ungdom i lokalt utviklingsarbeid. Ungdom vert tekne med på råd, og får sjansen til å påverke og engasjere seg i utviklinga av fylket. Kan Sogn Regionråd ta lærdom av dette arbeidet, og ta denne lærdomen med inn i sin framtidige regionplan? Dei fleste av sognekommunane har i dag

ungdomsråd som gir dei unge høve til å påverka og å bli høyrde på kommunalt nivå. Vi utfordrar med dette regionrådet til å samla ungdomskreftene på regionalt nivå. Dei kan henta inspirasjon både frå lokalt nivå, gjennom til dømes ungdomsråda, og på regionalt nivå frå det gode arbeidet som Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjort gjennom fleire år.

På rekrutteringssida ser vi at Framtidsfylket er viktig verktøy i Sogn og Fjordane.

Samstundes veit vi at både kommunane og regionrådet i Sogn på langt nær har nytta seg fullt ut av tenestene til Framtidsfylket. Distriktssenteret trur at eit selskap som har aldersgruppa 20–35 år som si hovudmålgruppe for rekruttering er eit viktig instrument for kommunane og regionrådet. Spesielt når ein skal arbeide for sterkare involvering av ungdom i lokal samfunnsutvikling.

**DISTRIKTSSENTERET HAR SETT** fokus på ungdom og lokal samfunnsutvikling. Vi er ikkje i tvil om dei unge vaksne må vera med på lagspelet. Difor vil vi utfordra regionrådet og kommunane i Sogn til å tenke igjenom tre spørsmål

1. På kva arenaer og kva slags kanalar når ein ungdommen best?

2. Kva område er eigna til å

## Fakta:

- Sogn regionråd arrangerer arbeidsmøte 28. september som skal gje innhald til regionalplanen dei neste fire åra. I forkant av møtet publiserer Sogn Avis ein kronikkserie.

involvera ungdom med tanke på å utvikla staden dei bur på positivt? 3. Kva for metodar og prosessar er best eigna til å involvera ungdom i lokal samfunnsutvikling?

*Dersom vi verkeleg ønskjer at ungdom skal ha lyst til å bu i regionen også i framtida, er det ikkje nok å berre kalla dei for «framtida». Dei lyt også få vera med å planlegga ho.*



**Inga Marie Skavhaug**  
Distriktssenteret  
KRONIKK

**Roar Werner Vangsnes**

Kronikken byggjer på to prosjekt:

- Sluttrapporten frå prosjektet «Et kunnskapsbasert Sogn og Fjordane» vart lagt fram i vinter. Prosjektet foreslår nye tiltak og strategiar for å få til langsiktig øko-

nomisk vekst gjennom eit meir og kunnskapsbasert næringsliv i fylket.

- Prosjektet VRI 2011-13 som er eit samarbeid mellom Vestlandsforskning og

Høgskulen i Sogn og Fjordane, finansiert av Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Norges Forskningsråd. I VRI-prosjektet er vi først og fremst opptekne av

korleis vi legg til rette for innovasjon i Sogn og Fjordane for å få best mulig utvikling i fylket VRI står for Virkemiddel for regional FOU og innovasjon.